



siv. ing. **Vidar Mjøs**

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57

vidar-mj@online.no

Radøy kommune
Rådmannen
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no

16. juni 2014

**Plansak 12602010000300 detaljplan - Fløholmen.
Vidare saksgang.**

Eg viser til

- epost herifrå til Statens vegvesen 29. april 2014
- brev herifrå til Radøy kommune datert 12. mai 2014
- svar frå Radøy kommune datert 14. 05. 2014
- brev frå Statens vegvesen datert 11. 06. 2014

Vegvesenets brev stadfestar fakta : Det ligg ikkje føre varsel om motsegn, og det er heller ikkje grunnlag for at Statens vegvesen vil levera motsegn ved den offentlege høyringa.

Dersom administrasjonen etter dette skal framstå som truverdig, lyt saka takast opp til ny handsaming i kommunestyret, med korrigererte opplysningar og påstandar.

Det kan også tenkjast andre alternativ

- a) leggja plansaka ut til offentlig ettersyn på det grunnlaget som ligg føre
- b) eller : ta søknaden om dispensasjon frå plankrav opp til ny handsaming
- c) eller : ta søknaden om tiltak småbåthamn opp til ny handsaming

Dersom kommunen landar på alternativ c), kan ein tilby å utføra ny nabovarsling, jamfør vedlagte utkast.

Med helsing

Vedlegg : *utkast til nytt nabovarsel*

Kopi : *Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no
firmapost-vest@vegvesen.no*